


Til grunneigarar, naboar og offentlege og private høyringsinstansar

Dato: 11.07.2024
Vår ref.: alos

Kunngjering av planoppstart for detaljregulering av Vestkapp, Stad kommune

I medhald av plan- og bygningslova (pbl.) § 12-8 vert det varsla oppstart av reguleringsplanarbeid for eit areal på fjellet Kjerringa i Stad kommune. Planen vil utarbeidast som ein detaljreguleringsplan, jf. pbl. § 12-3.



Planområdets lokalisering (blå, stipla strek) på fjellet Kjerringa, nordaust for Ervik og vest for Årvika.

Tiltakshavar

Vestkapp Holding as.

Plankonsulent

Nordplan as, avdeling Gudbrandsdal.

Bakgrunn og formål

Vestkapp holding as ynskjer å omregulere sitt areal på fjellet Kjerringa (497 moh.) på Stadlandet, også kjent som Vestkapp. Formålet med planarbeidet er å legge til rette for etablering av ny restaurant og overnatting på Vestkapp-platået, i tillegg til formål som til dømes besøkscenter og toalett open for «alle». Tilkomst skal framleis vere via eksisterande kommunalveg *Vestkappvegen*, i tillegg til at det ynskjes etablert ein parkeringsplass i tilknytning til fylkesveg 5750 *Årvikvegen* for buss og personbilar. Dette for å redusere behovet for parkeringsplassar og køyrande opp på/til platået.

Ny restaurant er ønska som ei vidareutvikling av dagens restaurant, og det er lagt opp til at eksisterande bygg skal rivast. Byggehøgder, -volum og materialval er viktige tema i det vidare planarbeidet, for å sikre at nytt bygg tilpassar seg landskap og omgjevnader på ein god måte. Det er ynskjeleg å hente inspirasjon frå element i det lokale natur- og kulturlandskapet, med mål om å framheve dei kvalitetane som finns i området. Det er ynskjeleg at bygget skal ha fasilitetar som er opne for «alle», som til dømes toalett og eit område for kunnskapsformidling og kursverksemd.

Meir konkret skal det vidare planarbeidet avklare og gjere naudsynt greie for:


- Byggehøgder og byggevolum.
- Estetikk og byggeskikk.
- Køyretilkømt.
- Parkeringsbehov og -løysingar.
- Visuelle nær- og fjernverknader.
- Verknader for eksisterande verdiar knytt tema som landskap, naturmiljø, kulturmiljø, landbruk (beitedyr) og friluftsliv (ikkje uttømmmande).
- Verknader for eksisterande infrastruktur.
- Risiko- og sårbarheitsforhald (særleg med omsyn til sløkkevatn og tilkomst for utrykkingskøyretøy).
- Sikre offentleg vegformål på Vestkappvegen.

Planavgrensing


Planområdet er avgrensa med utgangspunkt i gjeldande reguleringsplan på platået, men er utvida noko for å sikre tilstrekkeleg areal på vestsida. Langs Vestkappvegen er det lagt til eit areal på 10 m ut til kvar side for vegens senterline (N5 kartgrunnlag). Det er ikkje tenkt større endringar langs vegen, men det kan vere behov for enkelte punktvisse utbetringar. I tillegg er det lagt til eit areal på om lag 7,5 daa på austsida av fylkesvegen, for å sikre areal for parkering. Det er vald å varsle eit stort planområde, med mål om å redusere avgrensinga i det vidare planarbeidet.

Følgande eigedommar ligg heilt eller delvis innanfor planavgrensinga: gnr./bnr. 235/12, 20, 29, 31, 32, og 33.

Planområdets storleik er på om lag 108 daa.



Forslag til planavgrensing synt med blå, stipla line. Eigedomsgrenser synt med raud strek.




Flyfoto som syner foreslått planavgrensing på plataet. Plangrense synt med blå, stipla strek. Eigedomsgrenser synt med raud strek.



Flyfoto som syner deler av planavgrensing i området der tilkomstvegen møter fylkesvegen. Planområdet markert med blå, stipla strek. Eiegdomsgrensar synt med raud strek.

Dagens arealbruk

Fjellplatået ligg heilt ut i havgapet, og er del av det karakteristiske Stadlandet, med grønne fjellplatå og klipper som stupar ned i havet. Vestkapp holding as driv i dag ein kafé på Vestkapp, med tilhøyrande parkeringsplassar. Det er vidare tilrettelagt for to utleigehytter innanfor området, som står oppe i sommarsesongen og takast ned før vinteren. Meteorologisk institutt har etablert ein vêrradar (radar Stad) rett nordaust for kafébygget. Radaren består av ei stor, kvit kule plassert på eit fundament av naturstein, og utgjer slik eit landemerke i området. På oversida av vegen, nesten oppe på platået, har forsvaret eit bygg. Dei har og ei antenne som står lengst vest ute på platået. Det er etablert ein parkeringsplass på utsida av vegen, rett nedanfor platået, som tilhøyrer lokale grunneigarar. Det ligg fleire murar i naturstein spreidd på platået, som er restar etter bygg og anlegg frå andre verdskrig. Det er i dag Stad kommune som har drift og vedlikehald på Vestkappvegen, og vegen er derfor definert som offentleg veg etter veglova.



Utklipp frå Google street view som syner tilkomstvegen fram til kaféen, som kan sjåast til venstre i biletet. Sett mot sør.



Utklippet syner kafébygget og tilhøyrande parkeringsplassar. Meteorologisk institutt sin vèrradar kan sjåast i bakgrunnen. Sett mot søraust.



Parkeringsplassen som er etablert nedanfor platået. Denne tilhøyrer lokale grunneigarar.



Deler av steinmurane som ligg att som spor etter andre verdskrig. Sett mor nordaust.



Vestkappvegen sett frå fv. 5750 Årvikvegen.



Arealet som ynskjes regulert til parkeringsformål ved fylkesvegen. Sett mot nordaust.

Registrerte verdier i området

Vestkapp er eit område med mykje historie og særigne kvalitetar, og er i Naturbase beskrive som eit kupert fjellandskap med hei og open vegetasjon. Planområdet grensar til *Dekkjene naturreservat*, verna med formål om å ta vare på eit særige landskap med spesiell geologi, den utvalde naturtypen kystlynghei og ein artsrik flora. Naturtypen oseanisk nedbørsmyr, registrert med stor verdi, grensar til Vestkappvegen i aust. I og rundt planområdet finn ein spor etter uttak av torv samt torvhus, og restar etter ein av dei største radiostasjonane frå andre verdskrig. Spora etter anlegget er i dag synleg som steinmurar/grunnmurar i terrenget. Området er og kartlagt som sær viktig friluftsområde, og i kart ser ein at det går fleire turstigar i området.

Ifylgje offentlege databasar er følgjande verdier og funksjonar registrert i og tilgrensande planområdet:


- Inngrepsfrie naturområder i Norge (Miljødirektoratet): planområdet går så vidt inn på registrert INON-område sør i avgrensinga på plataået, samt i sørleg hjørne av avgrensinga ved fylkesvegen.
- Geologisk arv (NGU): Deler av tilkomstvegen inngår i det registrerte området *Årvik*, beskrive som ei lokalmorene med prioritetsgruppe I og III.
- Naturreservat (Miljødirektoratet): *Dekkjene*. Verneplan for myr. Oseaniske myrtypar.
- Naturtypar etter DN-handbok 13 (Miljødirektoratet):
 - *Kjerringa austside*: oseanisk nedbørsmyr. Sær viktig, stor verdi.
 - *Dekkjene – Kjerringa myr*: oseanisk nedbørsmyr. Sær viktig, stor verdi.
 - *Dekkjene – Kjerringa kystlynghei*: kystlynghei. Sær viktig, stor verdi. Også registrert som utvald naturtype.
- Registrerte raudlista artar (Artsdatabanken):
 - På plataået: *sanglerke* og *heilo* (mange registreringar over fleire år), *lappspurv*, *gråmåke*, *fiskemåke* og *tårnseiler*; alle registrert som trua eller nær trua.
 - Ved parkering fylkesveg: *myrhauk*, *sanglerke* og *fiskeørn*; alle registrert som trua eller nær trua.
- Kartlagde friluftslivsområde (Miljødirektoratet): *Kjerringa – Vestkapp*. Sær viktig, særleg kvalitetsområde.

- Kulturmiljø og landskap av nasjonal interesse (Riksantikvaren): Stadlandet.

Stad kommune opplyser i oppstartsmøte at Statsforvaltaren i Vestland har foreslått at resten av platået og deler av planområdet til *kandidatområde for supplerende vern etter naturmangfaldlova*. Dette omfattar vegen opp til platået med tilgrensande areal. Verneprosjektet er ikkje igangsett per dags dato.


Planstatus

Gjeldande plan for planområdet er *Detaljreguleringsplan for Vestkapp* (17.07.2007, planID: 1441-200705). Planen omfattar kun arealet oppe på platået, og er regulert til formåla *herberge/bevertning, friluftsområde, særskilt anlegg og køyreveg*.




Gjeldande reguleringsplan synt med foreslått plangrense (blå, stipla strek) og eigedomsgrenser.

Gjeldande kommuneplan for området er *kommuneplan for Selje 2017-2029* (06.07.2018, planID: 1441201701), der arealet innanfor sirkelen på platået er avsett til noverande næringsverksemd (BN), noverande andre typar bygningar og anlegg – vërradar (BAB), samt LNFR-areal. I tillegg er det avsett omsynssoner for bevaring av naturmiljø (H560), som omfattar areal langs tilkomstvegen, og omsyn friluftsliv (H530) som omfattar om lag heile planområdet. Arealet i nord (B9) er avsett til framtidig næringsverksemd. Arealet på vestsida av tilkomstvegen, aust for sirkelen, er avsett til forsvarsformål (o_M), med faresone H380 for militær verksemd.



Utklipp frå gjeldande kommuneplan for Stad som syner formåla på platået.



Utklipp frå gjeldande kommuneplan for Stad som syner føremåla langs tilkomstvegen og nede ved fylkesvegen.

Det ligg ikkje reguleringsplanar tilgrensande eller i nær avstand til planområdet.

Førebels risiko- og sårbarhetsvurdering

Følgande sjekklister er del av arbeidet med risiko- og sårbarhetsanalysen som skal fylgje planforslaget, og er ein fyrste sjekk av potensielle uønska hendingar knytt til planområdet/tiltaket. Sjekklister tek utgangspunkt i skjema i vedlegg 5 i rettleiaren *Samfunnssikkerheit i kommunens arealplanlegging* (DSB, 2017), og er tilpassa planområdet/tiltaket.

SJEKKLISTE – moglege uønska hendingar				
UØNSKA HENDING	J/N	KOMMENTAR/TILTAK	KJELDER	
STORE ULYKKER	Eksplosjon, utslepp av farlege stoff, akutt forureining	N	Det er ikkje kjent slik fare i eller omkring planområdet i dag, og planen legg heller ikkje opp til tiltak som vil auke denne faren.	Nordplan as.
	Brann i bygning/ anlegg	N	Det er vurdert at tiltaket planen ynskjer å legge til rette for ikkje har risiko for ei storulykke.	Nordplan as.
	Større ulykker (veg, bane, sjø, luft)	N	Ifylgje Statens vegvesens vegkart er trafikkmengda på fv. 5750 berekna til 100 ÅDT. Det er derfor ikkje risiko for at det skal oppstå større ulykker på vegen som må utgreiast i det vidare planarbeidet.	Nordplan as. Vegkart, Statens vegvesen.
	Storulykkeobjekt	N	Det er ikkje kjent storulykkeobjekt i eller tilgrensande planområdet.	Nordplan as.
	Kollaps av bygning/ konstruksjon	N	Det er ikkje kjent fare for kollaps av bygning eller konstruksjon.	Nordplan as.
	Akutt forureining	N	Det er ikkje kjent at det finns kjelder til forureining innanfor planområdet i dag, utover at det er registrert ein septiktank i tilknytning til eit bygg ved/i planområdet. Det skal i det vidare gjerast vurderingar av eksisterande og framtidige løysingar for å hindre akutt forureining.	Nordplan as.
	NATURFARE	Flaum og stormflo	N	Planområdet ligg ikkje innanfor fare- og aktsemdssone for flaum.
Havnivåstigning		N	Ikkje aktuelt.	Se havnivå.
Jord- og flaumskred, fjellskred med konsekvens tsunami eller oppdemming		N	Planområdet ligg ikkje innanfor fare- eller aktsemdsone for jord-, flaum- eller fjellskred.	NVE kartkatalog.
Snøskred		N	Planområdet ligg ikkje innanfor fare- eller aktsemdsone for snøskred.	NVE kartkatalog.
Steinsprang/steinskred		N	Planområdet ligg ikkje innanfor fare- eller aktsemdsone for steinsprang.	NVE kartkatalog.
Kvikkleire		N	Planområdet ligg ikkje innanfor fare- eller aktsemdsone for kvikkleire.	NVE kartkatalog.
Erosjon (langs vassdrag og kyst)		N	Ikkje relevant.	NVE kartkatalog.
Overvatn		N	Planområdet består i dag av open fastmark. Overflatevatn vil hovudsakeleg infiltrerast i grunnen, eller vil fylgje bekkar	NIBIO, Kilden.

SJEKKLISTE – moglege uønska hendingar				
UØNSKA HENDING	J/N	KOMMENTAR/TILTAK	KJELDER	
		innanfor planavgrensinga, og vert ikkje utgreidd som ei uønska hending.		
Skog- og lyngbrann	N	Det ligg kystlynghei i/tilgrensande planområdet, og ein lyngbrann kan derfor oppstå. Det er likevel ikkje knytt store fare til ei slik hending.	Nordplan as.	
Ekstremvind	N	Ifylgje <i>Klimaprofil for Sogn og Fjordane (2022)</i> er det knytt stor usikkerheit til framskrivingane for vind, men det vil truleg vere lite endring fram mot 2100. Planområdet er svært vindutsett, og ved ekstremvêr vil det potensielt kunne oppstå materielle skadar på bygningar og anna. Det er ikkje vurdert at risikoen for dette krev vidare utgreiing.	Norsk klimaservicesenter, klimaprofil Sogn og Fjordane.	
KRITISKE SAMFUNNSFUNKSJONAR OG INFRASTRUKTUR	Veg, bane, luftfart, skipsfart	N	I tilknytning til Fylkesvegen og nytt kryss kan det verte noko risiko for ulukker. Dette kan føre til at Fylkesvegen må stengjast heilt/delvis i ei periode. Det er vurdert at dette ikkje er så kritisk at det må utgreiast vidare.	Nordplan as.
	Vassforsyning-bortfall, skade, ureining	N	Det er ikkje etablert kommunal vassforsyning fram til planområdet. Elles ikkje kritisk med bortfall sidan det skal regulerast til restaurant/overnatting.	Nordplan as.
	Avlaupssystem bortfall, skade, ureining	N	Ikkje etablert kommunalt avlaupssystem. Elles ikkje kritisk med bortfall sidan det skal regulerast til restaurant/overnatting og ikkje permanent opphald. Løysingar for handtering av spillvatn skal vurderast i det vidare planarbeidet, gjennom utarbeiding av VAO rammeplan.	Nordplan as.
	Energi, gass og IKT bortfall, skade	N	Det er vurdert at det ikkje vil vere kritisk med bortfall sidan det skal regulerast til restaurant/overnatting.	Nordplan as.
	Overvassanlegg bortfall, skade	N	Aktuelle løysingar for overvatn skal vurderast i det vidare planarbeidet, gjennom utarbeiding av VAO rammeplan.	Nordplan as.
	Vestkappvegen	J	Kommunen opplyser at vegen er godkjent for bruksklasse 10, men at berelaget truleg ikkje er eigna for meir enn BK6. Det vidare planarbeidet skal gjere greie for framtidig trafikksituasjon og eventuelle tiltak. Hendinga vert utgreidd nærare.	Stad kommune. Nordplan as.
	Framkome for utrykkingskøyretøy/sløkkebil	J	Næraste brannstasjon ligg i Leikanger, ca. 15 km frå planområdet. Planområdet har i dag etablert tilkomst via fv. 5750 Årvikvegen, og vidare via den kommunale Vestkappvegen. Estimert køyretid frå brannstasjonen i Leikanger til Vestkapp er	Nordplan as.

SJEKKLISTE – moglege uønska hendingar			
UØNSKA HENDING	J/N	KOMMENTAR/TILTAK	KJELDER
		ca. 24 min, noko som gjev relativt lang responstid. Planarbeidet skal sikre tilkomst for sløkkebil. Brannvesenet vert varsla ved oppstart av planarbeidet.	
Tilgang på sløkkevatn	J	Det er ikkje etablert sløkkevasskjelde i planområdet i dag. Hendinga vert utgreidd i det vidare planarbeidet.	Nordplan as.
Brann i bygning	J	Tiltaket det ynskjes å opne for kan påverke sannsyn for brann i planområdet, og vil utgreiast som ei mogleg uønska hending i det vidare planarbeidet.	Nordplan as.
Trafikkulykke	J	Det er ikkje berekna ÅDT for Årvikvegen, men trafikkmengda her er vurdert å vere låg og omfattar i all hovudsak personbiltrafikk. Tilkomstvegen er smal og stadvis bratt, men det er vurdert å ikkje vere risiko for store ulykker knytt til veggen. Planen ynskjer å legge til rette for etablering av parkeringsplass i tilknytning til fylkesvegen. Uønska hendingar knytt til dette vil vurderast i det vidare planarbeidet.	Nordplan as.

Det er vurdert at følgande moglege uønska hendingar skal utgreiast i det vidare planarbeidet:

- Vestkappvegen.
- Framkomne for utrykkingskøyretøy/sløkkebil.
- Tilgang på sløkkevatn.
- Brann i bygning/anlegg.
- Trafikkulykke.

Vurdering etter forskrift om konsekvensutgreiing

Forslagsstillar har, jf. § 4 i forskrift om konsekvensutgreiingar (06/2017) (KU-forskrifta), ansvar for å vurdere om planen er omfatta av §§ 6, 7 og 8 i same forskrift.

Det er vurdert at planen ikkje er omfatta av §§ 6 og 7, og løyser slik ikkje ut eit automatisk krav om konsekvensutgreiing. Tiltaka er vidare vurdert etter § 8, og jf. § 8 bokstav a) skal reguleringsplanar for tiltak i vedlegg II konsekvensutgreiast dersom dei kan få vesentlege verknader for miljø eller samfunn. Det er vurdert av tiltak i planen fell inn under følgande pkt. i KU-forskriftas vedlegg II:

- Pkt. 10: *infrastrukturprosjekt, bokstav e: bygging av vegar.*
- Pkt. 12: *turisme og fritid, bokstav c: hotellkompleks utanfor bymessige område.*
- Pkt. 13: *utvidingar eller endringar av tiltak nemnt i vedlegg I og II som kan få vesentlege verknadar.*

For å avgjere om tiltaka i planen kan få vesentlege verknader for miljø eller samfunn, er det gjort ei vurdering etter kriteria i § 10 i KU-forskrifta:

a) Storleik, planområde og utforming
Planområdet, med areal for tilkomstveg og parkeringsplass nede ved fylkesvegen, er utvida i forhold til gjeldande reguleringsplan for Vestkapp-plataet. Nytt bygg vil erstatte gammalt bygg. Utvidinga i forhold til dagens situasjon er avgrensa, og vil i hovudsak utgjere parkeringsplassen nede ved fylkesvegen (7,5 daa). Dette arealet er i dag ubebygd og registrert som open fastmark i AR5.
b) Bruken av naturressursar, særleg areal, jord, mineralressursar, vatn og biologiske ressursar
Etablering av parkeringsplass ved fylkesvegen vil føre til omdisponering av LNFR-areal.
c) Avfallsproduksjon og utslepp
Planen vil kunne føre til noko auka utslepp som fylgje av etablering av parkeringsplass ved fylkesvegen.
d) Risiko for alvorlege ulukker og/eller katastrofar
Det er vurdert at planen ikkje vil medføre særleg auke i risiko for alvorlege ulukker og/eller katastrofar i området.

Lokalisering og påverknad på omgjevnadane §10, tredje ledd:

a)	<ul style="list-style-type: none"> ▪ Verneområde etter naturmangfaldlova kapittel V eller markaloven § 11. ▪ Utvalde naturtypar (naturmangfaldlova kapittel VI). ▪ Prioriterte artar. ▪ Verna vassdrag. ▪ Nasjonale laksefjordar og laksevassdrag. ▪ Objekt, område og kulturmiljø freda etter kulturminnelova.
b)	<ul style="list-style-type: none"> ▪ Truga artar eller naturtypar. ▪ Verdifulle landskap. ▪ Verdifulle kulturminne og kulturmiljø. ▪ Nasjonalt eller regionalt viktige mineralressursar. ▪ Område med stor betydning for samisk utmarksnæring eller reindrift. ▪ Områder som er særleg viktig for friluftsliv.
c)	<ul style="list-style-type: none"> ▪ Statlege planretningsliner. ▪ Statlege planføresegner eller regionale planføresegner .
d)	<ul style="list-style-type: none"> ▪ Større omdisponering av område avsett til landbruks-, natur- og friluftsmål samt reindrift eller områder som er regulert til landbruk og som er av stor Betydning for landbruksverksemd.
e)	<ul style="list-style-type: none"> ▪ Auka belastning i område der fastsette miljøkvalitetsstandardar blir overskride.
f)	<ul style="list-style-type: none"> ▪ Konsekvensar for folks helse, for eksempel som følgje av vass- eller luftforureining.
g)	<ul style="list-style-type: none"> ▪ Vesentleg forureining eller klimagassutslepp.
h)	<ul style="list-style-type: none"> ▪ Risiko for alvorleg ulykke som følgje av naturfarer som ras, skred eller flaum.

Vurderinga etter § 10 er gjort på grunnlag av kjent kunnskap og tilgjengeleg informasjon i offentlege databasar. Tiltaket er lokalisert i eit område med verdifulle landskap, kulturminne og kulturmiljø, truga artar og naturtypar og i eit område som er særleg viktig for friluftsliv. Jf. KU-forskrifta § 8, vedlegg II pkt. 12 og pkt. 13, er det likevel vurdert at tiltaket med eit nytt bygg på Vestkapp-plataet og utviding av tiltaket i høve dagens situasjon, er såpass avgrensa i omfang at tiltaket ikkje vil føre til vesentlege verknader for miljø eller samfunn og ikkje utløyser krav om konsekvensutgreiing jf. § 10. Tiltaket samsvarar og i hovudsak med føringar gitt i overordna plan

og gjeldande reguleringsplan, med unntak av ei mindre utviding av næringsformålet. Jf. KU-forskrifta § 8, vedlegg II pkt. 10 bokstav e, er det derimot vurdert at tiltaket med parkeringsplass nede ved fylkesvegen utløyer krav om konsekvensutgreiing. Dei aktuelle områda for parkeringsplass er i overordna plan avsett til LNFR-formål, og tiltaket samsvarar slik ikkje med overordna plan. Både områda omfatta av naturreservatet og området på austsida av vestkappvegen innehar sjeldne og verdifulle myr-typar, der område i naturreservatet er omfatta av verneplan for myr. Området har slik spesielle verdiar knytt til naturtypen myr, og ei omdisponering frå LNFR-område og nedbygging av myr i dette området er vurdert å kunne få vesentlege verknader for miljø og samfunn.

Følgande utgreiingstema er trekt fram som aktuelle for det vidare planarbeidet, og handterast anten i konsekvensutgreiinga eller i planomtalen (konsekvensvurdering). Lista er ikkje uttømmende, og vil supplerast etter at oppstartsvarslinga er gjennomført.

Tema	Kommentar
Arkitektur, estetikk og kvalitet	Viktig med tilpassing til landskap og vindtilhøve og kvalitet i arkitektonisk utforming. Sikre viktig arkitektoniske grep i planen. Vurdere om tilrettelegging for sløkkevatn og beredskapstiltak går på akkord med ønska arkitektur.
Utnyttingsgrad og byggehøgder	Ifylgje gjeldande reguleringsplan skal mønehøgde på nye bygg ikkje overstige 6 m, eller mønehøgde på eksisterande bygg. Byggehøgde er relevant både med omsyn til landskap og påverknad på radar.
Terrengtilpassing	Landskapstilpassing og terrengtilpassing er spesielt viktig på grunn av sårbart landskap og vèrtilhøve. Større terrengendringar (skjering/fylling) i eksisterande terreng må unngåast.
Naturmangfald	Det ligg i dag eit naturreservat i nærleiken ved planavgrensinga, og det er føreslått supplerande vern på heile platået, inkludert vegen (mogleg landskapsvern). Området er ein mosaikk av viktige/utvalde naturtypar (oseanisk nedbørsmyr og kystlynghei). I området ved fylkesvegen bør det innhentast ny kunnskap om naturverdiar, i samsvar med rettleiar M-1941. Må vurderast om kunnskapsgrunnlaget er godt nok for resterande tiltak, og om det vert påverknad. Alle saker skal vurderast etter naturmangfaldlova §§ 8-12. For framande artar gjeld og forskrift om framande organismar.
Vassmiljø og vassforvaltning	Tiltak må ikkje føre til forringing av vasskvalitet eller vassmiljø i vassførekomstar. Ligg nær Dalsbøvassdraget (verna vassdrag).
Blågrøne strukturar	Planen må sikre lokal handtering av overvatn, fortrinnsvis gjennom blågrøn struktur med auka biologisk mangfald. Kan omtalast i tilknytning til vassmiljø, naturmangfald og klimagassutslepp, ikkje som eige tema.
Landbruk	Må takast omsyn til beitedyr og kulturlandskap. Foregår hjortejakt i området, må omtalast.
Landskap	Føreliggande landskapsanalyse (Nordplan, 2021) og rapport <i>Kulturmiljø og landskap av nasjonal interesse</i> (Riksantikvaren, 2024) er viktige kunnskapsgrunnlag for planarbeidet. Alle tiltak må utformast med omsyn til sårbarheit og landskapsverdiar, og vere så lite synleg som mogleg. Nær- og fjernverknad av nytt bygg på Vestkapp bør vurderast og visualiserast, med fleire relevante standpunkt. Tiltak for å gi minimal landskapsverknad må sikrast i føresegner.
Terreng og masser	Bør gjerast ei vurdering av kvar ein hentar stein/materiale til nytt bygg på Vestkapp og masse til utfylling til parkeringsplass.

Klimagassutslepp	Parkeringsplass bør lokaliserast slik at den påverkar minst mogleg myr og gjev minst mogleg klimagassutslepp. Bør gjerast ei berekning av klimagassutslepp etter KU-metodikk.
Klimatilpassing	Klima i dag og i framtida, samt bruk av naturbaserte løysingar, skal vurderast for alle plantema.
Energiforsyning	Forslagsstillar må ta kontakt med Linja for å sjekke kva straukapsitet som er i området, og kva som kan leverast. Bør undersøkast om det kan nyttast fornybare varmekjelder, til dømes jordvarme.
Ladeinfrastruktur	Bør vere mogleg å lade personbilar, sykklar og bussar i området.
Gjenbruk og materialval	Gjenbruk av areal er viktig i dette området. Ved parkeringsplass ved fylkesvegen bør ein avgrense nye inngrep. Materialval må vere varig og kunne tole vêrtilhøva.
Trafikk	Usikkert om berelaget til Vestkappvegen er eigna for BK10. Kommunen ynskjer at det vert lagt opp til minst mogleg trafikk på veggen. Det må undersøkast kva trafikk tiltaket vil medføre, om veggen toler belastninga og kva tiltak som må gjerast.
Parkering	
Renovasjon	
Barn og unge sine interesser	Skal kommenterast i alle saker.
Kulturlandskap	Registrert som <i>Kulturmiljø og landskap av nasjonal interesse</i> (RA). Beitedyr og hevd av kulturlandskap er viktig for ivaretaking av landskapsverdiane.
Beredskap	Vert vurdert i ROS-analysen og sikra i føresegner.
Vêrforhold	Vêrtilhøva er spesielt utfordrande på Vestkapp. Vindpåverknad og ekstremvind gjev høg vindbelastning på bygg. Skodde samt isdanning på veg er utfordrande knytt opp mot beredskap og friluftsliv.
Universell utforming	Viktig med universell utforming av uteareal frå parkeringsplass til bygning, elles ikkje krav utover TEK17.
Friluftsliv	Viktig å sikre tilgang for ålmenta, og ikkje privatisere området. Merka med omsynssone for friluftsliv i KPA, og deler av området innanfor plangrensa er regulert til friluftsområde.


Føringar for planarbeidet og vidare saksang

Stad kommune mottok planinitiativ 9. april 2024, og oppstartsmøte med forslagsstillar og kommunen vart gjennomført via Teams 27. juni. I medhald av plan- og bygningslova § 12-8 skal oppstart av planarbeidet varslast ved annonse i avisene Fjordenes Tidende og Fjordabladet, samt på heimesidene til Nordplan og Stad kommune. Naboar og andre offentlege og private interessentar varslast direkte ved brev/e-post. Innkomne innspel og merknader til planarbeidet blir gjennomgått og vurdert i samband med utarbeiding av planforslaget. Vurdering av innspela og eventuelle tiltak som er gjort, vil bli lagt fram som eige vedlegg til planforslaget når planen sendast til 1. gongs handsaming. Planforslaget skal, jf. referat frå oppstartsmøte med Stad kommune, innehalde planomtale med konsekvensutgreiing, plankart, reguleringsføresegner, risiko- og sårbarheitsanalyse og plan for vatn, avlaup og overvatn. Når det er utarbeidd forslag til reguleringsplan, vil planen bli lagt ut til offentleg ettersyn. Det vil då vere mogleg å koma med innspel og merknader til planforslaget. Vurdering av innspela og eventuelle tiltak som er gjort, vil bli lagt fram eige vedlegg til planforslaget når planen sendast til 2. gongs handsaming. Det er ynskjeleg frå både tiltakshavar og kommunen si side å drøfte saka i regionalt planforum i løpet av hausten 2024.

Oppstart av planarbeidet vert varsla i Fjordenes Tidende og Fjordabladet høvevis **torsdag 11. juli** og **fredag 12. juli**.

Frist for å koma med innspel/merknader til oppstartsvarselet er sett til 8 veker, med frist **torsdag 5. september 2024**. Eventuelle merknader/innspel til planarbeidet sendast på e-post til alos@nordplan.no, eller per post til Nordplan as.

Med helsing
for Nordplan as



Alf Louis Solvang

Vedlegg 1: Referat frå oppstartsmøte med Stad kommune.
Vedlegg 2: Forslag til planavgrensing (pdf).